

REGLEMENT FOR RÅD FOR LIKESTILLING AV FUNKSJONSHEMMA I MØRE OG ROMSDAL

Vedteke av fylkestinget i sak T-22/88, med endringar vedteke i sakene T-53/99, T-31/03, T-86/07, T-62/08, T-58/09 og T-69/09.

1. Nemning

“Råd for likestilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal”

2. Heimel

A. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne.

B. Vedtak i Fylkestinget i Møre og Romsdal.

3. Føremål

Rådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale organ, fylkesmannen og kommunane i saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Lova seier i §1:

Kommunane og fylkeskommunane skal sørge for at menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna:

- Tilkømt
- Arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne
- Tenester for menneske med nedsett funksjonsevne

4. Samansetjing

a. 3 brukarrepresentantar, 2 oppnemnt etter forslag frå Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og 1 etter forslag frå Norges Handikapforbund. 1 av vararepresentantane skal representere Norsk Forbund for Utviklingshemmede.

b. 4 politikarar frå fylkestinget som representerer kvar av hovudutvala, og der minst ein av medlemene er medlem i fylkesutvalet.

c. 1 representant frå kommunane oppnemnt av KS.

d. 1 representant frå NAV oppnemnt av NAV Møre og Romsdal, med tale- og forslagsrett.

Kvar medlem skal ha 3 personlege varamedlemer i rekkefølge. Ved endringar i valperioden kan forslagsstillar oppnemne nye representantar.

Politiske styringsorgan og forvaltningsorgan som ikkje er representert i rådet kan kallast inn til møta.

5. Oppnemning

Medlemene i rådet blir personleg oppnemnde medlemer. Oppnemninga blir gjort av

fylkestinget etter framlegg frå instansane som skal vere representert i rådet. Rådet si funksjonstid følgjer fylkestingsvalperioden.

6. Rådet sitt arbeid

- a. Rådet skal uttale seg om alle saker som fylkeskommunale organ legg fram for det.
- b. Rådet kan på eige initiativ reise og utgreie saker.
- c. Rådet skal ta initiativ til sjølv å drive informasjonsarbeid innad i fylkesorganisasjonen, overfor allmenta, kommunar, fylkesstatlege organ, organisasjonar osv.
- d. Rådet skal vere særleg merksam på – og om naudsynt ta initiativ til - å betre samarbeid og samhandling på regionalt nivå overfor kommunane.

7. Sekretariat og økonomi

Sekretariat for rådet ligg i kulturavdelinga.

Medlemer som ikkje møter på vegne av offentleg myndigheit får møte- og reisegodtgjersle etter fylkeskommunens reiseregulativ. Tapte arbeidsforteneste eller utgifter til følgje, tolk, tilsyn i heimen osv i samband med møta, blir dekt på same måte.

8. Møte

Rådet held møte minst fire gonger i året. Elles blir rådet kalla inn dersom minst 1/3 av medlemene krev det.

Rådet arrangerer ei fylkessamling i året for dei kommunale råda.